
Fra: Ambjørge Reinsnos <ambjorg@opus.no>
Sendt: 7. mars 2014 15:34
Til: Kjersti Flatråker
Kopi: Joanne Ingebald
Emne: Forslag, justert plankart Snekkevika
Vedlegg: Snekkevika_hfk_Omsynssone.pdf; p11065 Snekkevika plankart_FORSLAG_07 03 2014.pdf

Hei, her er eit forslag til justert plankart for Snekkevika.

Vedlegg «p11065 Snekkevika plankart_FORSLAG_07 03 2014» er forslaget til nytt plankart.

Vedlegg «Snekkevika_hfk_Omsynssone» viser den opprinnelege omsynsson H570 som Hfk sette på kartet. Vi utfordrar denne noko i planforslaget.

Følgjande endringar er gjort:

- Talet på hyttetomter innanfor forslagsstillar sin eigedom er redusert frå 13 til 10 tomter.
- Halve BFR8, som ikkje er forslagsstillar sin eigedom, er fjerna frå plankartet, då denne ligg over eit automatisk freda kulturminne.
- Omsynssone H730 og H570 er lagt inn i plankartet. Omsynssone H570 har ei noko annleis utstrekning enn den Hfk hadde sett, dette gjeld den sørvestre enden som er korta noko inn, og staden der den nordlege hyttetomta (på 805 m2) ligg (sjå vedlegg, «Snekkevika Hfk Omsynssone»). Grunnen til at den nordlege hyttetomta er lagt inn er at denne har små kollar mot nord, aust og vest, slik at ei hytte her vil vere noko i skjul, og difor truleg ikkje vil vere skjemmaende for kulturminna. Dei tre kulturminna som ligg vest for denne tomte opprettheld siktlinja mot sjøen mot nord, medan kulturminnet som ligg aust for denne hyttetomta opprettheld si siktlinje mot sjøen i aust.
- Tilkomstvegen er flytta sørover slik at denne i hovudsak kjem utanom omsynssona (H570) som Hfk hadde sett i kartet. Veggen er i tråd med vegnormalane, og traséen er lagt for å skape minst mogleg inngrep i terrenget.
- Parkeringsplassen er flytta slik at denne no ligg utanfor omsynssone H570
- Alle tomtene som låg i direkte konflikt med omsynssone H730 er flytta.
- Det er lagt inn ei nyt tomt i draget sørover frå svingen i tilkomstvegen, og opp mot høgda sør i planområdet. Ein kan sikre i føresegnene at inngrea i terrenget skal vera mest mogleg skånsame. Det er ikkje lagt veg eller hyttetomter i skråninga ned mot Kjesettjørna, for å dempe visuell påverknad for naboar på sørsida av vatnet.

Vi reknar med at dette vil vere grunnlag nok for ei ny drøfting med Hordaland fylkeskommune? Ta gjerne kontakt dersom noko er uklart, eller om det er noko eg har gløymt!

Venleg helsing



AMBJØRG REINSNOS

Planlegger
Arkeolog

Dir 55 21 41 72
Tlf 55 21 41 50